

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Sogndal ungdomsråd</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Balestrand, Sagatun Skule</b>
<b>Møtedato</b>	<b>02.02.2021</b>
<b>Kl.</b>	<b>16:30 - 19:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

- Idunn Auestad**
- Ariana Fjærestad**
- Olav Åm Risa**
- Synne Sellereite Målsnes**
- Isabelle Norstein-Prince**
- Emma Valvik Yttri**
- Emma Steinsland Hamre**
- Maylinn Flikki**
- Kornelius Haugen**
- Olivia Ugulsvik**

**Forfall til møtet:** Ingrid Hovlid

**Varamedlemmer til stades:** Ingen kunne møte på kort varsel for Ingrid Hovlid.

**Til stades med møte- og talerett:** **Stortingspresident Tone Wilhelmsen Trøen, Arnstein Menes, Jarle Teo Andersen**

**Sekretariat for møtet:** **Maria Kalstad Brun**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ungdomsrådet valde Isabell Norstein-Prince og Idunn Auestad til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

**Sak** 1/21  
Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingsaker i ungdomsrådet 2021

**Tilråding:**

**A. Skriv og meldingar**

**a. Møtedatoar for våren 2021.**

Møtedatoar for våren 2021 vart bestemt i forkant av møtet. Leiar for rådet tilrår denne møtekalenderen: 2.februar i Balestrand. 16.mars i Leikanger, 20.april i Sogndal, 25.mai i Balestrand og ein sumaravslutning 11.-12.juni stad er ikkje bestemt enda.

**b. Møte med stortingspresidenten, Tone Wilhelmsen Trøen, via teams.**

- i. Presentasjon av rådet.
- ii. Spørsmål til stortingspresidenten frå rådet.

**B. Orienteringar**

**a. Prosjekt «Livsmeistring – Robuste born og unge» v/ Jarle Teo Andersen og Marte Krogstadmo**

Presentasjon av samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune og Sogndal kommune frå 2020-2025. Overordna målsetting med prosjekt er å gi barn og unge i Luster og Sogndal kommune kompetanse, dupleik og verktøy til å kunne utvikle ei god og robust psykisk helse. I prosjektet skal det opprettast ein ressursgruppe med born og unge som skal bidra inn mot prosjektutvikling. Ungdomsråd i Sogndal kommune og Luster kommune blir spurt om å delta.

**b. UKM 14.mars**

Påmeldinga har starta. Arrangementet blir digitalt 14.mars. Ungdomsrådet må ta ansvar for å rekruttere og marknedsføre arrangementet. Kvar representant har ansvar for sin skule.

**C. Drøftingar**

- a. Solhov, planen vidare ifht å søke om midlar, avtale mellom kommunen og sparebankstiftinga om å øymerke midlar frå kommunen si side i åra framover.
- b. Møteplassar for ungdom. Video-prosjekt. Legge ein plan for prosessen vidare.
- c. Tilbakemelding til ungdommens distriktspanel.  
<https://ungdomspanel.distriktssenteret.no/politikkforslag/>

**D. Innkomne spørsmål frå representantane**

**Handsaming**

Ungdomsrådet valde å starte med møte med stortingspresidenten, Tone Wilhelmsen Trøen. Ungdomsrådet presenterte seg sjølv og alle representantane.

Stortingspresidenten fortalte at ho bruker mykje tid til å snakke med barn og unge, og ynskjer å få snakke med i ungdomsråd lokalt rundt om i heile landet for få innsikt i kva som opptek barn og unge. Ho er nyfiken, og opptatt av at barn og unge skal bli høyrde, og kunne delta i samfunnssaker. Ungdomsrådet informerte om sine hjertesaker:

**Møteplassar for ungdom i kommunen:** Me har få eller ingen møteplassar for oss ungdom. Dei bygga me har er i dårleg stand, og lokala er opptatt mesteparten av tida i vekedagane. Me veit det er lite peng i kommunen, men ungdommane treng ein plass å vere. Hybelbuarar har gjerne ikkje ein plass å vere sosiale, seier nestleiar i ungdomsrådet, Idunn Auestad. Ungdommar i Leikanger treng òg ein møteplass utanom handball og fotball. Me ynskjer oss ein plass me kan møtast, skjerma frå vaksne og vera oss sjølve, seier Emma Yttri representant i ungdomsrådet frå Leikanger. Det same gjeld hos oss på Kaupanger, me ynskjer ikkje å henge på fotballbana, me vil ha ein eigen plass seier Trygve Grønsberg.

### **Psykisk helse:**

I det store og heile har me det godt her ute i distriktet med tanke på psykisk helse og covid-19. Men generelt er det for lite og dårleg informasjon om kor ein får hjelp. Me veit ikkje når ein bør kontakte hjelp, kven ein kan ringe, eller når. Me treng at helsesøster og andre informerer om dette betre på skulane, seier Isabell Norstein-Prince, ungdomsråd-representant frå Leikanger.

### **Transport:**

Transport er ein viktig sak for oss. Folk som bur i utkantane av kommunen har behov for fleire transportmoglegheiter på kveld slik at me òg kan delta på aktiviteter i sentrum og ha fleire moglegheiter. Me må vente lenge eller bli henta av foreldre om me mister bussavgangar, seier Olav åm Risa.

### **Stortingspresidenten svarar på sakene:**

Viktige tema! Viktig at de får sagt i frå og blir høyrde – er til sjuande og sist opp til kommunestyret kva som går igjennom, men fortsett å vere tydelege – både på psykisk helse og møteplassar. Stå på og kjemp for sakene dykkar.

De er tydelege i kva de ynskjer. Og de har viktige synspunkt. Mange ungdomsråd tar opp busstilbod utanfor skuletid/fritid. Psykiske helse blant barn og unge er eit viktig tema. Fleire seier dei slit med psykisk helse. Viktig at dykk stiller spørsmål til korleis dette blir jobba med hos dykk. Eg forstår at møteplassar er viktig – veit det er mange hybelungdomar som ikkje har foreldre i nærleiken. Fortsett kampen!

- Blir de høyrde og får de vera med å påverka, spør stortingspresidenten?

Rådet svarta at dei fekk vera med på eit kommunestyre som var før jul, og har gitt innspel til budsjett. Vi blei invitert inn i kommunestyret før jul, og har hatt samtalar med ordførar og varaordførar. Men me har ikkje opplevd å ha påverka vedtaka som er blitt gjort enda, kommunen må spara mykje peng, fortel rådet.

Ordførar Arnestein Menes, kommenterer at ungdommane i Sogndal er tydelege med tilbakemeldingane. Alle råda fekk gje innspel i budsjett og økonomiplan før jul.

- Viktig at de fortsette å gje innspel. I nokon saker er det viktig at dykk blir høyr, de er ein viktig del av demokratiet, og dykk har rett til å bli høyr. seier stortingspresidenten.

Tilslutt takka rådet for møtet med stortingspresidenten.

Stortingspresidenten avslutta med desse orda: Dykk må vere stolte av den jobben dykk gjer. Ver stolt! Stå på og gjer så godt de kan for å få gjennomslag. Tusen takk for møte og lykke til vidare på møte.

### **Presentasjon av «Livsmeistring, robuste barn og unge»**

Rådet fekk presentasjon av prosjektet til Sogndal og Luster Kommune «Livsmeistring, robuste barn og unge.» Jarle Teo Andersen. Dei drøfta aktuelle tema og fekk i oppgåve å finne fire representantar som skulle vera med i ressursgruppa i prosjektet.

### **UKM**

Ungdomsleiar Maria Kalstad Brun informerte om UKM og at det var ynskjeleg at representantane i ungdomsrådet tok ansvar for å markedsføre og arrangere UKM. Ungdomsavdelinga har laga rammer og avtalar. Ungdomsrådet drøfta og kom fram til å aktuelle representantar frå Leikanger, Balestrand og Kaupanger som kan hjelpe til med arrangementet.

### **Møteplassar for ungdom**

Rådet drøfta Solhov og møteplassar for ungdom, og korleis jobbe vidare med saka.

Etter drøftinga gikk ungdomsrådet ned til ungdomsklubb-lokalet i Balestrand og fekk omvising av Olav Åm Risa og Ariana Fjærestad som driv ungdomsklubben og er ungdomsrådrepresentantar frå Balestrand.

### **Tilråding/Vedtak:**

#### **A. Skriv og meldingar**

##### **a. Møtedatoar for våren 2021.**

Møtedatoane 16.mars, 20.april og 25.mai vart vedtatt.

Ungdomsrådet ynskjer å endre avslutningshelga frå 11.-12.juni til 4.-6.juni.

##### **b. Møte med stortingpresidenten, Tone Wilhelmsen Trøen, via teams.**

- i. Vart haldt som avtalt. Litt problemer med det tekniske, men eit godt møte.

#### **B. Orienteringar**

##### **a. Prosjekt «Livsmeistring – Robuste born og unge» v/ Jarle Teo Andersen og Marte Krogstadmo**

Ungdomsrådet skal komme med fire representantar som skal delta i rådet innan 15.februar til Jarle Teo Andersen eller til ungdomsrådsekretær, Maria Kalstad Brun.

**b. UKM 14.mars**

Rådet var einige i tilrådinga. Representantane Emma Hamre, Isabell Norstein-Prince, Ariana Fjærestad og Olav Åm Risa og Synne Målsnes Sellereite sit i arbeidsgruppa.

**C. Drøftingar**

**a. Solhov, planen vidare ifht å søke om midlar, avtale mellom kommunen og sparebankstiftinga om å øymerke midlar frå kommunen si side i åra framover.**

**b. Møteplassar for ungdom. Video-prosjekt. Legge ein plan for prosessen vidare.**

Leiar for rådet kom med innspel at ungdomsrådet går i dialog med kultur-rådet og invanderrådet om saka «møteplassar for ungdom». Og at ein inviterer leiar frå begge råd på neste møte, 16.mars. Representant for komitè for levekår skal sjekke ut moglegheit for å delta på møte med komitè 9.februar for å løfte saka der òg.

Ungdomsleiar og sekretær for ungdomsrådet har sjekka opp om medialinja på Sogndal VGS kunne ta på seg oppdrag om å lage film av møteplassane. Dette kunne ikkje bli gjort. Og det vart bestemt av rådet at ein skulle filme dette sjølv. Kornelius Haugen tar ansvar for Solhov, Emma Yttri tar ansvar for Leikanger, Trygve Grønsberg tar ansvar for Kaupanger og Olav Åm Risa tar ansvar for Balestrand.

**c. Tilbakemelding til ungdommens distriktspanel.**

<https://ungdomspanel.distriktssenteret.no/politikkforslag/>

- i. Rådet har valt ut desse sakene som dei ynskjer ungdommens distriktspanel skal jobbe vidare med: 1) Stemmerett for 16-åringar, 2) Enkel psykisk helsehjelp, 3) garanti for lærlingplass, 4) attraktive lokalsamfunn, 5) Å komme seg frå A-Å, 6) Skolen i lokalsamfunnet, 7) Innflytelse til ungdomsråd, 8) Statsråd for berekraft.

Sekretær for ungdomsrådet lagar til eit dokument for rådet og sender dette til panelet snarast.

**D. Innkomne spørsmål frå representantane**